

## Åpning av det 152. storting

President: T h o r b j ø r n J a g l a n d

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg *tirsdag den 2. oktober kl. 13* i stortingssalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Forsamlingen sang første vers av «Kongesangen».

*Hans Majestet Kongens tale til det 152. storting ved dets åpning:*

Ærede President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjer-ning og ønsker at den må bli til gagn for fedrelandet.

Norge er mulighetenes samfunn. Menneskene er vår viktigste ressurs. Gode muligheter for den enkelte til å delta i samfunns- og arbeidslivet, et høyt utdanningsnivå og landets naturgitte ressurser gir oss rike muligheter for ny utvikling.

Regjeringen vil styrke, fornye og videreutvikle felleskapet. Vi skal strekke oss mot visjonen om å være verdens mest inkluderende samfunn der alle er med. Regjeringen vil legge til rette for å skape og for å dele, slik at mennesker kan leve gode og meningsfulle liv over hele landet.

FN anser Norge for å være ett av de beste land å bo i. Det forplikter oss. Derfor skal vi bruke de store mulighetene vi har i internasjonalt arbeid mot fattigdom og for en fredeligere verden. Norge skal være en fredsnasjon og en miljønasjon.

Målene for den økonomiske politikken skal være arbeid til alle, en bærekraftig utvikling, en mer rettferdig fordeling og styrking av velferdsordningene. Budsjettpolitikken skal bidra til en stabil økonomisk utvikling både på kort og på lang sikt. Regjeringen legger derfor handlingsregelen til grunn for budsjettpolitikken.

Norges olje- og gassformue gir store inntekter. Statens pensjonsfond vokser raskt og vil sikre at formuen også kommer senere generasjoner til gode. Regjeringen vil legge stor vekt på en etisk forsvarlig forvaltning.

Regjeringen vil videreføre samarbeidet med partene i arbeidslivet. Moderate inntektsoppgjør er nødvendig for å sikre et konkurransedyktig næringsliv i Fastlands-Norge og en lav arbeidsledighet. Det er et mål å sikre et arbeidsliv med ordnede lønns- og arbeidsvilkår og å hindre sosial dumping.

Regjeringen vil våren 2008 legge fram en stortingsmelding om arbeidsinnvandring.

Arbeidet mot rasisme og diskriminering prioriteres høyt, og Regjeringen tar sikte på å legge fram våren 2008 forslag om ny lov mot diskriminering av personer med nedsatt funksjonsevne.

Regjeringen vil legge fram en stortingsmelding om samepolitikken.

Regjeringen vil fortsette å styrke kommuneøkonomien, slik at kommunene kan forbedre tjenestetilbudet innenfor bl.a. barnehage, skole og pleie- og omsorgstjenesten. Forslag til nytt inntektssystem for kommunene vil bli lagt fram i Kommuneproposisjonen for 2009. Regjeringen vil også legge fram en melding om lokaldemokratiet våren 2008.

Det vil bli lagt fram en proposisjon om forvaltningsreformen der de framtidige oppgavene som skal overføres til de nye regionene, omtales.

Regjeringen vil i 2008 innføre en støtteordning for nyetablerte vekstbedrifter i distriktene, og vil i løpet av 2008 opprette et kompetansesenter for distriktutvikling.

Regjeringen vil legge fram en proposisjon med forslag til ny plan- og bygningslov. Det vil bli lagt opp til styrket kontroll og tilsyn i byggesaker og skjerpete krav til universell utforming.

Regjeringen vil i 2008 legge til rette for at alle som ønsker det, skal få barnehageplass. Målene for barnehage-løftet er full barnehagedekning, høy kvalitet og lav pris. Regjeringen tar sikte på å legge fram forslag om endret formål for barnehagen og grunnsopplæringen våren 2008.

For å styrke opplæringen i grunnskolen vil Regjeringen fra 2008 øke skoleuken med til sammen fem timer på 1. til 4. trinn. Regjeringen vil legge fram en stortingsmelding om språk i grunnsopplæringen.

Regjeringen vil høsten 2007 legge fram en stortingsmelding om evaluering av kvalitetsreformen. Det vil bli lagt fram en stortingsmelding om internasjonalisering av utdanning på videregående og høyere nivå.

Regjeringen vil i løpet av 2008 legge fram en stortingsmelding om universitetsmuseene. I meldingen vil sammenhengen mellom forskning, forvaltning av samlinger og formidling med utgangspunkt i universitetsmuseene bli drøftet.

Økt forskningsinnsats er et mål for Regjeringen. Rekruttering og utdanning av dyktige forskere er viktige forutsetninger for å lykkes. Regjeringen vil legge fram en melding om forskerrekuttering våren 2008.

Regjeringen vil fortsatt styrke sykehusenes økonomi. Ventetidene skal holdes nede. Nødvendig fornying av dagens sykehusbygg og sykehusutstyr skal sikres.

Regjeringen følger opp Omsorgsplan 2015, der det legges vekt på kompetanse, rekruttering, kvalitet og forskning. Regjeringen foreslår at det bygges 12 000 nye sykehjemsplasser og omsorgsboliger fram til 2015.

Evalueringen av rusreformen viser at det har skjedd positive endringer i tilbudene til rusmiddelavhengige. Regjeringen vil legge fram en opptrappingsplan for rusfeltet.

Opptrappingsplanen for psykisk helse vil bli fulgt opp i 2008. Det psykiske helsetilbudet til barn og unge skal prioriteres.

Regjeringen vil legge fram en nasjonal strategi om rehabilitering.

Regjeringen fører en aktiv og helhetlig politikk for å bekjempe kriminalitet. Regjeringen vil forebygge bedre, opplære mer, reagere raskere og rehabiliterer bedre.

Regjeringen vil fortsette kampen mot gjengkriminalitet. Rekruttering til og aktivitet i gjengene skal reduseres. Utbytte fra kriminell virksomhet skal inndras. Kriminalitet skal ikke lønne seg.

Volden som utøves innenfor hjemmets vegger, er et offentlig anliggende. Politi og rettsapparat skal øke innsatsen for å bekjempe vold mot kvinner og barn. Regjeringen vil utarbeide en ny handlingsplan mot vold i nære relasjoner.

Regjeringen vil legge fram en ny stortingsmelding om kriminalomsorgen. Regjeringen har kommet langt med å redusere soningskøen og vil intensivere arbeidet med å fjerne køen.

Regjeringen vil legge fram forslag til felles ekteskapslov.

Det vil bli lagt fram en stortingsmelding om menn, mansroller og kjønnslikestilling, med vekt på å inkludere gutter og menn i det framtidige likestillingsarbeidet.

Regjeringen vil legge fram en handlingsplan mot kjønnslemlestelse og styrke innsatsen mot tvangsekteskap.

Regjeringen innfrir Kulturløftet. 2008 skal være markeringsår for kulturelt mangfold, hvor målet er å synliggjøre og skape forståelse for kulturelt mangfold i Norge.

Regjeringen vil legge fram en melding om staten og Den norske kirke.

Utvikling av ny og lønnsom næringsvirksomhet er viktig for å opprettholde dagens velferdssamfunn. Regjeringen vil legge til rette for næringsutvikling, innovasjon og nyskaping i norsk næringsliv. Regjeringen skal legge fram en stortingsmelding om innovasjonspolitikken i 2008.

Norge går med i EUs nye rammeprogram for konkurransevne og innovasjon i perioden 2007–2013.

Regjeringen vil etablere et statlig investeringsfond. Fondet skal bidra til kommersialisering av innovasjoner, og det skal ha miljøteknologi som ett av sine fokusområder.

Regjeringen vil presentere en maritim strategi og en nasjonal reiselivsstrategi.

Regjeringen vil arbeide for å opprettholde et levende landbruk med variert bruksstruktur over hele landet. Regjeringen ønsker å sikre utøverne i landbruket inntektsutvikling og sosiale vilkår på linje med andre grupper, og vil ha et sterkt importvern for innenlandsk landbruksproduksjon.

Et rent og rikt hav er viktig for å opprettholde livskraftige kystsamfunn. Regjeringen vil sikre en bærekraftig havbruks- og ressursforvaltning. Bekjempelse av det ulovlige fisket i Barentshavet vil ha høy prioritet.

Den økte satsingen på en moderne veginfrastruktur i hele landet skal fortsette. Regjeringen vil styrke miljøvennlig transport og modernisere jernbanen for å gjøre den mer konkurransedyktig som transportmiddel.

Regjeringen vil videreføre arbeidet med å sikre bredbånd i hele landet.

En brukervennlig og døgnåpen elektronisk forvaltning med gode selvbetjeningsløsninger er sentralt i Regjeringens arbeid med fornying av offentlig sektor. Regjeringen

vil legge fram et lovforslag som sikrer at all ny IKT rettet mot allmennheten skal være universelt utformet.

Regjeringens mål for petroleumsvirksomheten er å sikre langsiktig ressursforvaltning og verdiskaping på norsk kontinentalsokkel, innenfor miljø- og sikkerhetsmessig forsvarlige rammer og i sameksistens med andre næringer.

Regjeringen fortsetter arbeidet med å etablere fullskala anlegg for CO<sub>2</sub>-håndtering og bidrar økonomisk til dette. Målet er å videreutvikle norsk kompetanse og teknologisk slik at Norge kan bli ledende innen håndtering av CO<sub>2</sub>.

Norge skal være et foregangsland i klimapolitikken. Våre klimamål er svært ambisiøse, og Norge skal være en pådriver for å få i stand en mer omfattende og ambisiøs internasjonal klimaavtale til å etterfølge Kyoto-avtalen.

Regjeringen vil føre en aktiv og åpen europapolitikk som synliggjør og ivaretar norske interesser. Energi- og klimaspørsmål vil stå sentralt i dialogen med våre nordiske naboer og EUs medlemsland.

Regjeringen vil videreføre et aktivt engasjement i FN og NATO, som forblir de viktigste institusjonene for norsk utenriks- og sikkerhetspolitikk.

Regjeringen fortsetter arbeidet med å utvikle og modernisere Forsvaret slik at struktur, kompetanse og kapasitet blir bedre tilpasset de sikkerhetsutfordringene vårt land stilles overfor. I den forbindelse vil Regjeringen legge fram forslag til ny langtidsplan for Forsvaret våren 2008.

Regjeringen vil fortsatt prioritere militær tilstedeværelse i nordområdene. Samtidig vil Regjeringen fortsette å styrke Norges evne til å delta i internasjonale operasjoner og flernasjonale reaksjonsstyrker, bl.a. ved en styrking av Hæren i 2008.

Regjeringen vil legge fram en stortingsmelding om samfunnsansvar, internasjonalt arbeid og initiativ. Meldingen vil omhandle forventningene til næringslivets opptreden i utlandet og myndighetenes rolle i forhold til bedrifters samfunnsansvar.

Arbeidet for kjernefysisk nedrustning og for å hindre spredning av masseødeleggelsesvapen vil ha særlig prioritet. Regjeringen vil legge fram en stortingsmelding om Norges arbeid for nedrustning i denne stortingsperioden.

Gjennomføringen av målene i nordområdestrategien vil være blant Regjeringens hovedsatsingsområder. Samarbeidet med Russland, spesielt innen miljø, energi, næring og nordområdespørsmål, vil fortsatt ha høy prioritet. Det gjelder særlig det grensenære samarbeidet.

Regjeringen vil legge fram en stortingsmelding om den norske innsatsen for å forebygge humanitære katastrofer. Bakgrunnen er truslene fra klima- og miljøendringer, befolkningsvekst, migrasjon og urbanisering, samt økningen i antallet sårbare stater.

Regjeringen vil legge frem en stortingsmelding om den norske innsatsen for kvinner og likestilling i utviklingspolitikken.

Regjeringens engasjement for å sikre vaksiner til verdens barn vil bli videreført.

Jeg ber Gud velsigne Stortingets gjerning, og erklærer Norges 152. Storting for åpnet.

*Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding*, lesen av statsråd Helga Pedersen.

I samsvar med Grunnlova gir Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs tilstand og styring i tida etter siste melding.

Regjeringa fører framleis ein aktiv politikk for å styrkje FN, ikkje minst ved å delta i oppfølginga av tilrådingane frå reformpanelet i FN, som statsministeren leidde, om reformer av FN og bidrag til å styrkje arbeidet med konfliktforebygging og fredsbygging innanfor FN.

Ein viktig del av dette er å styrkje den norske deltakinga i FN-leidde operasjonar, og Regjeringa har derfor bidrege med ein betydeleg maritim kapasitet i den FN-leidde UNIFIL II-operasjonen i Libanon.

Krisa i Darfur representerer den største humanitære katastrofen i vår tid. Regjeringa ønskjer velkommen FN-vedtaket om å sende ein fredsstyrke med robust mandat til regionen for å beskytte sivilbefolkninga og den humanitære hjelpeinnsatsen. Ein har i samarbeid med Sverige tilbode eit ingeniørbidrag til den integrerte FN- og AU-operasjonen i Darfur-provinsen i Sudan.

Regjeringa legg vekt på at NATO framleis skal vere det viktigaste transatlantiske forumet for tryggingpolitikk, og ein arbeider for å styrkje den politiske dialogen i alliansen. Møtet for utanriksministrane i NATO i Oslo 26.–27. april i år markerte at Regjeringa legg stor vekt på å styrkje NATO.

I samband med NATOs utanriksministermøte i Oslo skreiv Noreg og Island under på ei avtale om utvida tryggingpolitisk samarbeid.

Noregs deltaking i stabiliseringsstyrken i Afghanistan – ISAF – er det viktigaste innsatsområdet når det gjeld våre bidrag til internasjonale operasjonar. Den militære innsatsen i Afghanistan er følgd opp med auka satsing på sivil gjenoppbygging. Den norske bistandsinnsatsen er betydeleg. Noreg har også utplassert om lag 20 polititeneestemenn og juridiske rådgivarar som skal bidra til å byggje opp eit betre rettssystem i landet.

Regjeringa la fram sin nordområdestrategi i desember 2006. Strategien peikar ut vegen vidare for styrkt internasjonalt samarbeid og langsiktig nasjonal satsing i nord. Regjeringa er i gang med å gjennomføre fleire konkrete tiltak, bl.a. innanfor kunnskap, ressursforvaltning, miljøvern, klima og næringsutvikling.

I det europapolitiske arbeidet har Regjeringa lagt vekt på meir openheit, styrkt dialog og større breidd. Nasjonalt europaforum er etablert for å fremje debatt også utanfor organa i Stortinget, og det er sett i gang halvårlege europautgreingar som ei ordning som bl.a. vil styrkje ordskipet i Stortinget. Omfattande handlingsplanar blir lagde til grunn for det daglege arbeidet. Den nære kontakten med EU og medlemslanda om norske interesser er vidareført. EØS-samarbeidet, klimaspørsmål, nordområda og energipolitikk har stått høgast på dagsordenen.

Regjeringa har gitt utviklingssamarbeidet og kampen mot fattigdom høg prioritet. Målet om at bistanden skal aukast til 1 pst. av BNI, og at innsatsen deretter skal trapast ytterlegare opp, ligg fast.

Norsk økonomi er inne i ein kraftig høgkonjunktur. Sysselsetjinga har auka sterkt og arbeidsløysa har ikkje vore lågare på nær 20 år. Høg produktivitetsvekst, sterk oppgang i arbeidsstyrken og tilstrøyming av arbeidskraft frå nye EØS-land har vore med på å dempe presset på kostnader og prisar.

Den økonomiske politikken til Regjeringa er basert på retningslinjene for ei gradvis og forsvarleg innfasing av petroleumsinntektene i økonomien. Den økonomiske politikken skal samtidig bidra til ei stabil utvikling i produksjon og sysselsetjing. I tråd med dette la Regjeringa i revidert nasjonalbudsjett 2007 opp til å redusere det strukturelle, oljekorrigerede underskottet med 3,2 milliardar kr til 67,8 milliardar kr. Bruken av oljeinntektene vil dermed vere om lag 3,5 milliardar kr lågare enn den venta realavkastninga av Statens pensjonsfond – Utland.

Styringsrenta har i tråd med signala frå Noregs Bank gradvis blitt sett opp til eit meir normalt nivå og låg ved utgangen av september i år på 5 pst.

Krona har styrkt seg noko i inneverande år etter å ha svekt seg i andre halvår i fjor. I slutten av juli var kronekursen, målt ved konkurranseindeksen, 3,7 pst. sterkare enn ved årsskiftet, men 1,0 pst. svakare enn på same tid i fjor.

Regjeringa har medverka til ei ytterlegare styrking av kommuneøkonomien i 2006 og 2007. Ein solid kommuneøkonomi er ein føresetnad for eit godt skoletilbod, gode barnehagar og ei verdig eldreomsorg.

Ved årsskiftet blei den differensierte arbeidsgivaravgifta gjeninnført. Det gir distrikta ein avgiftsfordel på om lag 10 milliardar kr årleg.

I 2006 fekk 11 500 fleire barn plass i barnehage. Regjeringa har lagt til rette for endå raskare utbyggingstakt i 2007. Løyvingane til barnehageformål er i 2007 auka med om lag 3,6 milliardar kr.

Det har vore ei betydeleg økonomisk satsing på helse-tenester. Aktiviteten i sjukehusa har auka, først og fremst for pasientar som krev meir ressurskrevjande behandling. Regjeringa har også sett i gang ei kraftig satsing for å få sjukmelde raskare tilbake i arbeid.

Det er lagt fram ei stortingsmelding om tidleg innsats for livslang læring for å motverke sosiale skilnader til beste for den enkelte og for samfunnet.

Regjeringa la i november 2006 fram ei stortingsmelding om arbeid, velferd og inkludering med strategiar for betre inkludering av personar i utkanten av arbeidsmarknaden. Stortinget slutta seg til strategiane. Regjeringa har følgd opp stortingsmeldinga m.a. med eit lovforslag om nytt kvalifiseringsprogram for personar med nedsett arbeidsevne og lita tilknytning til arbeidslivet.

Regjeringa har sett i verk ein eigen handlingsplan for integrering og inkludering av innvandrarbefolkninga.

Soningskøen for fengselsstraff utan vilkår er redusert med over 1 000 dommar sidan Regjeringa la fram avviklingsplanen for soningskøen i april 2006. Reduksjonen kjem etter at det i perioden 2006–2007 er vedteke å opprette 316 nye soningsplassar. Det er vedteke lovendringar som utvidar bruken av alternative straffegjennomføringsformer og tilbodet til innsette om opplæring, bibliotek,

fengselsprestteneste og helsetenester er styrkt. I 2007 vil det bli oppretta utdanningstilbod i alle fengsel der det er formålstenleg.

I juni 2007 la Regjeringa fram ei stortingsmelding om norsk klimapolitikk. I klimameldinga går Regjeringa m.a. inn for at Noreg skal forplikte seg til å kutte dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarande 30 pst. av Noregs utslepp i 1990 innan 2020. Eit viktig bidrag for å nå dette målet vil vere å finansiere utsleppsreduksjonar i andre land. Samtidig legg Regjeringa vekt på at Noreg skal gå føre og sørje for omfattande kutt i våre egne utslepp. Innan 2050 skal Noreg redusere globale utslepp tilsvarande 100 pst. av våre egne utslepp. Det vil gjere Noreg klimanøytralt.

Regjeringa har styrkt den langsiktige satsinga på miljøvennleg energi ved å opprette eit grunnfond på 10 milliardar kr, der avkastninga skal gå til energieffektivisering og fornybar elektrisitet.

I desember 2006 la Regjeringa fram ei stortingsmelding om eit aktivt og langsiktig eigarskap. Prinsippa for korleis staten skal utøve eigarskap er omtalt m.a. gjennom klare mål og forventningar til selskapa. I samband med framlegginga blei det lagt fram nye retningslinjer for leiarlønningar for å sikre moderasjon i selskap der staten er eigar.

Strukturpausen i fiskeflåten er no oppheva. Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om strukturendringane i fiskeflåten som Stortinget har slutta seg til. Endringane inneber særleg at det blir innført ei førehandsfastsett tidsavgrensing for strukturkvotar, både framtidige og allereie tildelte, og at kvotetaka i strukturordningane for kystflåten blir senka.

Regjeringa har prioritert breibandsutbygginga. Per 30. juni 2007 hadde breibandsdekninga nådd 98,3 pst.

Regjeringa gjennomfører Kulturløftet. Ei ny lov om det ansvaret offentlege styresmakter skal ha for kulturverksemda – kulturlova – tok til å gjelde 1. august 2007.

Etter initiativ bl.a. frå norsk side vedtok NATO-toppmøtet i Riga i november 2006 å invitere Serbia, Montenegro og Bosnia-Hercegovina til å delta i partnersamarbeidet i alliansen.

Noreg har gått i spissen internasjonalt i arbeidet for kjernefysisk nedrusting og ikkje-spreiing, og Regjeringa har teke initiativ til å styrkje innsatsen innanfor NATO på dette området. Regjeringa er redd for at planane om eit rakettkjold kan føre til nytt våpenkappløp, og har arbeidd aktivt for at NATO avklarar alle sider ved dette spørsmålet.

Regjeringa har etablert eit nytt rådgivande utval for tryggingpolitikk, nedrusting og internasjonale utfordringar mot norsk tryggleik.

Samarbeidet med Russland har utvikla seg positivt – men det er framleis rom for vidareutvikling. Næringslivsamarbeidet fungerer bra. Det er etablert tilfredsstillande samarbeidsordningar for dialogen omkring vilkåra for eksport av fisk. Regjeringa arbeider spesielt med å styrkje næringslivsdimensjonen og energidialogen med Russland. Utanriksdepartementet vidarefører eit omfattande prosjektsamarbeid med vekt på atomopprydding, miljøvern, helsesamarbeid, demokratiutvikling, ressursforvalt-

ning og kunnskapssamarbeid. Utvida kontaktar og ei fast haldning er viktig for å medverke til ei open og demokratisk utvikling i Russland.

Arktisk råd er den viktigaste organisasjonen for miljø-samarbeid i nord. Noreg har innleidd formannskapsperioden sin med å leggje vekt på behov for meir forskning på klimaendringar i Arktis og heilskapleg ressursutnytting. Eit formannskapssekretariat er etablert for å effektivisere arbeidet i organisasjonen.

Implementeringa av finansieringsordningane under EØS-avtala har halde fram med same styrke som før. Dei første enkeltprosjekta er no slutførte. Støtte til den sosiale og økonomiske utviklinga vil også bli gitt til Bulgaria og Romania framover.

I kontaktane mellom Noreg og EU har utanriks-, helse- og utviklingspolitikk i aukande grad blitt sett i samanheng med migrasjonsutfordringane. Gjennom Schengen-avtala har ein, slik formålet var, kunna ta hand om visumkoordinering, behovet for politisamarbeid i straffesaker og grensekontroll mot internasjonal kriminalitet og menneskesmugling.

Organisasjonane OSSE og Europarådet er sentrale fora for eit tett samarbeid i Europa og i arbeidet for menneskerettar, frie val og demokratiske institusjonar på eit meir integrert og stabilt kontinent, som i dag strekkjer seg frå Atlanterhavet til Sentral-Asia. Regjeringa støttar m.a. innsats for å fremje demokrati og godt styresett i SUS-området.

Regjeringa vidarefører arbeidet med å fremje dei samla norske interessene i WTO-forhandlingane, m.a. for å sikre nødvendige rammevilkår for aktivt landbruk i heile landet og for å bidra til at avtala styrkjer omsynet til interessene til utviklingslanda.

Regjeringa meiner at det ikkje er grunnlag for antidumpingvedtaka som EU har innført mot import av norsk laks. Desse tiltaka er derfor lagde fram til tvistebehandling i WTO. Panelrapporten vil vere offentleg i november. Dersom saka blir anka inn for ankeorganet i WTO, vil den endelege avgjerda tidlegast komme i april 2008.

Det er viktig at det blir ført ein heilskapleg politikk overfor utviklingslanda. Regjeringa har derfor sett ned eit utval som skal vurdere i kor stor grad norsk politikk er samstemt på dette området.

Asia har i dag nokre av dei største og raskast veksande økonomiar i verda, samtidig som regionen også har land der den tryggingspolitiske situasjonen er ustabil, og der det er store fattige folkegrupper. Utviklinga i Asia er viktig for Noreg.

Regjeringa la fram ein eigen Kina-strategi i august i år. Strategien legg bl.a. vekt på samarbeid om dei globale miljøutfordringane. Noreg samarbeider med India i kampen mot barnedød.

Regjeringa presenterte i august ei plattform for ein heilskapleg Afrika-politikk og har lagt grunnlaget for aktiv innsats også i Vest-Afrika. Regjeringa har samla sett auka stønaden til utviklingstiltak på dette kontinentet, særleg innanfor helse, miljø og energi.

Regjeringa har introdusert programmet Olje for utvikling og bistår gjennom det med å etablere fornuftige for-

valtningsregime for dei store petroleumsressursane som finst i mange utviklingsland.

Regjeringa har framleis eit sterkt engasjement i ei rekkje konfliktområde. I konflikten på Sri Lanka har Regjeringa kontinuerleg kontakt med partane og er reie til å setje seg ned med dei straks dei måtte vere villige til å komme tilbake til forhandlingsbordet.

Noreg har teke på seg ei leiarrolle i arbeidet i den nyoppretta FN-kommisjonen for fred i det konfliktherja Burundi.

Religion spelar ei sentral rolle i mange av dei konfliktområda der Noreg er engasjert. Regjeringa støttar dialog mellom religiøse leiarar i konfliktområda og tiltak internasjonalt for å bidra positivt i forholdet mellom folk med ulike kulturelle og religiøse ståstader.

Regjeringa har halde fram med å styrkje den internasjonale innsatsen for å førebyggje humanitære kriser. Regjeringa har lagt vekt på at utviklings- og miljøpolitikk, fredsskapande, fredsbyggjande og humanitære tiltak må sjåast i samanheng for å førebyggje kriser og katastrofar som skaper lidning og nød.

Krigen i Libanon i fjor og den humanitære krisa i Det palestinske området medførte ekstraordinær humanitær støtte til Midtausten. Samtidig er det gitt betydeleg humanitær bistand også til andre område der Noreg har spesielle føresetnader for å bidra – som i Sudan, Afghanistan og Somalia. FN's nødhjelpsfond har motteke betydeleg støtte, og Regjeringa har halde fram med å styrkje den særskilde oppgåva FN har i den internasjonale humanitære innsatsen.

Initiativet frå Regjeringa for eit forbod mot visse typar klasseammunisjon har no internasjonalt støtte frå om lag 75 land og frå FN, Raude Krossen og frivillige humanitære organisasjonar, som resultat bl.a. av internasjonale konferansar her i Noreg og i Peru.

Regjeringa har definert kvinner og likestilling som eitt av satsingsområda i bistandspolitikken. Kamp mot korrupsjon er avgjerande for å kunne utvikle velfungerande statar. Regjeringa har derfor løfta fram dette som eit sentralt element i utviklingspolitikken.

Regjeringa har styrkt næringslivet si rolle i utviklings-samarbeidet, bl.a. gjennom dialog om det samfunnsansvaret bedriftene har, og gjennom initiativ knytte til mikrofinsiering.

På klimaområdet bidreg Noreg gjennom utviklings-samarbeid til å oppfylle overordna målsetjingar som reduksjon i utslepp av klimagassar og tilpassing til dei klimaendringane som allereie er i gang.

Regjeringa har ført ein offensiv politikk når det gjeld det multilaterale finansieringssystemet. Sentralt her er arbeidet med innovative finansieringsmekanismar og sletting av gjeld. Regjeringa har vist veg i gjeldsslettingspørsmål ved å slette gjelda frå skipseksportkampanjen.

Noreg har gjennom EFTA inngått ei handelsavtale med Egypt, og ei avtale mellom EFTA og Canada er ferdigforhandla. Det er også sett i gang arbeid med sikte på å inngå handelsavtaler med India, Kina og Russland.

Direktivet frå Europaparlamentet og Europarådet om tenester i den indre marknaden, tenestedirektivet, blei

vedteke i desember 2006. Direktivet har vore på brei høyring, og høyringsfråsegnene blir gjennomgått med sikte på eit best mogleg avgjerdsgrunnlag.

Eit nytt regime for hamnestatskontroll i fiskeria blei vedteke i den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen, NEAFC, i november 2006. Tiltaket gjeld frå 1. mai 2007 og omfattar EU, Russland, Island, Færøyane, Grønland og Noreg.

Noreg har våren 2007 som eit av dei første landa i verda ratifisert den internasjonale ballastvatnkonvensjonen. Noreg ligg i teten internasjonalt med å teste og utvikle nye metodar for reinsing av ballastvatn.

Ved utgangen av 2006 var verdien av Statens pensjonsfond – Utland på 1 783 milliardar kr. Marknadsverdien av fondet har auka til 1 939 milliardar kr fram til utgangen av 2. kvartal 2007. Fondet blei i den same perioden tilført om lag 161 milliardar kr. Regjeringa har eit langsiktig perspektiv for forvaltning av petroleumsformuen og plasse-ring av midlane i Statens pensjonsfond. Det er vedteke å auke aksjedelen i Statens pensjonsfond – Utland frå 40 pst. til 60 pst., noko som vil styrkje grunnlaget for å finansiere velferda i framtida samtidig som auken i risikoen framstår som moderat og handterleg. Det er vidare vedteke ei ny lov om Folketrygd-fondet, som representerer ei opprydding i regelverket og synleggjer skiljet mellom formuesmassen Statens pensjonsfond – Noreg og Folke-trygd-fondet, som forvaltar denne formuesmassen.

Oljeprisane har stige sidan i fjor haust, og spotprisen på eit fat Brent Blend-olje var i juni 431 kr, eller 13 pst. meir enn i siste kvartal i fjor.

Noregs BNI var i 2006 på 2 134 milliardar kr. Det tilsvarende ein nominell auke på 9,8 pst. frå året før.

Verdiskapinga i Fastlands-Noreg, målt ved veksten i bruttoproduktet i faste prisar, auka med 4,6 pst. frå 2005 til 2006. Som ei følgje av nedgang i bruttoproduktet innanfor oljeverksemd og utanriks sjøfart auka BNP med i alt 2,9 pst., dvs. noko mindre enn verdiskapinga i fastlandsøkonomien.

Frå 2005 til 2006 auka talet på sysselsette personar med 65 000. Den sterke veksten i sysselsetjinga har halde fram i år. Både i 1. og 2. kvartal auka sysselsetjinga med om lag 19 000 personar.

Talet på arbeidsledige fall frå 4,6 pst. av arbeidsstyrken i 2005 til 3,4 pst. i 2006. Nedgangen har halde fram dette året, og talet på ledige utgjorde 2,5 pst. av arbeidsstyrken i 2. kvartal, det lågaste nivået på nær 20 år.

Sjuefråveret ligg no på om lag same nivå som i 2005. I første kvartal 2007 var fråveret 1,5 pst. lågare enn i tilsvarende kvartal året før.

Driftsbalansen overfor utlandet viste eit overskott på 335 milliardar kr i 2006. Det er om lag 53 milliardar kr høgare enn i 2005. Noregs nettofordringar overfor utlandet auka i 2006 med 374 milliardar kr.

I første halvår i år var eksport- og importverdien av tradisjonelle varer 14,9 og 17,4 pst. høgare enn i same perioden i fjor.

Konsumprisindeksen auka med 2,3 pst. frå 2005 til 2006, medan prisveksten utanom energi og avgiftsendrings berre var på 0,8 pst. I perioden januar–august i år steig

konsumprisane med 0,6 pst. samanlikna med den same perioden i fjor, medan auken justert for avgiftsendringar og utanom energiprisane – KPI-JAE – var på 1,4 pst.

Den totale petroleumproduksjonen var på 249 mill. Sm<sup>3</sup> oljeekvivalentar – o.e. – i 2006. Det er ein nedgang på 8 mill. Sm<sup>3</sup> o.e. i forhold til i 2005. Nedgangen var i hovudsak innanfor olje, medan gassproduksjonen auka i forhold til tidlegare år. Olje, NGL og kondensat utgjorde 65 pst. av den samla petroleumproduksjonen. Gassproduksjonen var i 2006 på 88 milliardar Sm<sup>3</sup>.

Eitt nytt felt, Ringhorne Øst, blei sett i produksjon i 2006.

Verdien av olje- og gasseksporten var i 2006 på 509 milliardar kr. Det er ein auke i eksportverdien på 16 pst. frå året før. Netto kontantstraum til staten frå petroleumsvirksemda var på 355 milliardar kr i 2006.

Den samla elektrisitetsproduksjonen var om lag 121 TWh i 2006, medan forbruket var om lag 122 TWh.

Noregs vassdrags- og energidirektorat og Olje- og energidepartementet gav nye vassdragskonsesjonar som til saman vil kunne gi ein årleg produksjon på om lag 600 GWh. Av dette utgjør konsesjonar til småkraftverk i overkant av 500 GWh. I tillegg blei det gjort vedtak om konsesjonsfritak for små vasskraftverk tilsvarande ein produksjon på om lag 120 GWh.

Olje- og energidepartementet stadfesta konsesjon til eit vindkraftverk i Ytre Vikna som vil kunne produsere om lag 870 GWh pr. år.

Staten og Statoil har inngått ei gjennomføringsavtale om fullskala CO<sub>2</sub>-handtering på det planlagde kraftvarmeverket på Mongstad innan 2014. Eit testanlegg skal setjast i drift samtidig med oppstarten av kraftverket i 2010. Eit nyoppretta statsforetak, Gassnova SF, skal ta hand om statens interesser som er knytte til fangst, transport og lagring av CO<sub>2</sub>.

Ved tildeling i førehandsdefinerte område blei det i 2006 tildelt til saman 58 utvinningsløyve, i Nordsjøen, Norskehavet og i Barentshavet, til 38 selskap. Regjeringa har vedteke å utsetje den 20. konsesjonsrunden med eitt år, for å sikre at kostnadseffektiv utforskning av dei umodne områda på norsk sokkel skal halde fram.

Styra i Statoil ASA og Norsk Hydro ASA melde i desember 2006 at dei tilrår å slå saman petroleumsvirksemda i Statoil og Hydro. Stortinget slutta seg til samanslåingsplanane i juni 2007. Det er venta at samanslåinga blir gjennomført hausten 2007.

Omstillinga av forsvarssektoren er følgd opp i tråd med gjeldande langtidsplan. Men ein står overfor enkelte utfordringar for den delen av planperioden 2005–2008 som står att, spesielt når det gjeld tilpassing innanfor enkelte delar av drifta og tilpassing av ambisjonsnivået til dei økonomiske rammene.

I juni 2007 slutta Stortinget seg til eit framlegg frå Regjeringa om å gå til innkjøp av nye taktiske transportfly til Luftforsvaret.

Regjeringa har halde fram med å styrkje Forsvarets innsats og nærvær i nordområda, bl.a. ved å auke løyvingane til den operative verksemda i alle forsvarsgreinene og i Kystvakta.

Regjeringa arbeider framleis aktivt for at allierte og andre nærstående land blir betre kjende med dei særlege utfordringane som utviklinga i nordområda stiller oss overfor i åra som kjem. Auka alliert treningsverksemd i Noreg, særleg i nord, er eit viktig tiltak i denne samanheng.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding med tiltak som skal auke talet på kvinner i Forsvaret. Desse tiltaka skal bidra både til å rekruttere fleire kvinner og til å motivere kvinnene til å bli i Forsvaret og til å få fram fleire kvinnelege leiarar.

Regjeringa har sett i gang fleire tiltak for å ta vare på personell som har gjort teneste i internasjonale operasjonar, på ein betre måte.

For å styrkje samarbeidet mellom Forsvaret og industrien i Noreg, har Regjeringa lagt fram ei stortingsmelding der det blir presentert ein strategi for dei næringspolitiske aspekta som er knytte til innkjøpa i Forsvaret.

Regjeringa har forsterka innsatsen for innovasjon, næringsretta forskning og næringsutvikling. Den auka satsinga blir bl.a. retta mot romverksemd, maritim FoU og det nye forskingsprogrammet Gassmaks. Regjeringa fremja våren 2007 forslag for Stortinget om deltaking i EUs rammeprogram for konkurranse og innovasjon.

Regjeringa arbeider aktivt med forenkling for næringslivet, og la i januar fram ein eigen handlingsplan for elektroniske tenester til næringslivet.

Regjeringa har sett i gang arbeid med å utforme ein nasjonal strategi for reiselivsnæringane. Strategien blir utarbeidd i tett samarbeid med næringane og legg vekt på eit berekraftig reiseliv.

Regjeringa har begynt arbeidet med å utforme ein nasjonal maritim strategi som skal støtte opp om miljøvennleg vekst og utvikling i dei maritime næringane. Våren 2007 blei garantiramma for GIEKs byggjelånsgarantiordning auka frå 2,5 til 5 milliardar kr.

Overvåkingsorganet i EFTA godkjende i 2006 både nye distriktsretta og landsdekkjande såkornfond. Det er løyvd midlar til å opprette ti såkornfond. Seks såkornfond er operative og er no i ein investeringsfase. Det er valt forvaltarar til ytterlegare tre fond, men dei er enno ikkje operative fordi ikkje all privat fondskapital er på plass.

Regjeringa la i juni 2007 for første gong fram dokumentet «Regjeringens eierpolitikk». Dokumentet gjer greie for forventningar og kva mål Regjeringa har for eigarskapen i dei enkelte selskapa. Formålet med det nye dokumentet er å bidra til større openheit og at statens utøving av eigarskap skal vere føreseieleg.

Regjeringa har gjort framlegg for Stortinget om å overta 30 pst. av aksjane i Aker Holding AS. Selskapet skal ha som formål å eige 40,1 pst. av aksjane i Aker Kværner ASA. Gjennom eit langsiktig eigarskap i Aker Kværner ASA sikrar ein at industriell kompetanse innanfor petroleumrelatert verksemd blir utvikla i og leidd frå Noreg.

Ved utgangen av 2006 var verdien av den direkte eigarskapen staten har på Oslo Børs, 533,7 milliardar kr. Det er ein auke på 106 milliardar kr frå året før. Den delen staten eig av den bokførte verdien av dei unoterte selskapa med forretningsmessige målsetjingar, var på same tid 64,1 mil-

liardar kr, mot 60,8 milliardar kr året før. Det gir eit samla verdioverslag på 597,8 milliardar kr for det staten eig i dei 26 selskapa med forretningsmessige målsetjingar.

Til grunn for trafikktryggleikspolitikken ligg det ein visjon om at det ikkje skal skje transportulykker med drepne eller hardt skadde. Regjeringa har intensivert innsatsen for auka trafikktryggleik. I 2006 blei 242 personar drepne i ulykker i vegtrafikken, mot 224 året før. Hovudtendensen dei siste åra er likevel ein klar nedgang i talet på drepne og hardt skadde i vegtrafikken. Seks personar omkom i luftfartsulykker i 2006, og ein person omkom i jernbaneulykke.

Regjeringa har auka løyvingane til vedlikehald av vegenettet. Samtidig er fleire store vegprosjekt opna for trafikk.

Eit mål for Regjeringa er å styrkje kollektivtrafikken både i byane og i distrikta. Som eit første steg for å styrkje kollektivtransporten i distrikta er det utarbeidd ein rettleiar om betre kollektivtransport i distrikta.

Regjeringa har lagt til rette for auka bruk av miljøvennlige transportmiddel ved å vidareføre arbeidet med premieringsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområda, auka løyvingar til kollektivtransport, innføre omsetningskrav for sal av biodrivstoff og redusere eingongsavgifta for E85-bilar. Det er i 2007 sett inn gassferjer på riksvegsambanda Mortavika–Årsvågen og Halhjem–Sandvikvåg på E139, noko som vil gi betydelege reduksjonar i utslippet av klimagassar.

Jernbanetrafikken i Noreg er i kraftig vekst, særleg gods- og passasjertrafikken. Samtidig er løyvingane til jernbane auka betydeleg. I januar opna togsambandet Oslo–Stockholm igjen.

For Moss lufthavn, Rygge, er det fastsett eit takstregulativ som balanserer omsynet til Østfold-samfunnet og Avinors evne til å oppretthalde ulønnsame flyplassar i Distrikts-Noreg.

Regjeringa har lagt fram ein odelstingsproposisjon om endringar i lov om elektronisk kommunikasjon.

Flyttinga av Post- og teletilsynet frå Oslo til Lillesand er no gjennomført. All verksemd som var i Oslo, skjer no i Lillesand.

Det er forhandla fram jordbruksavtale og reindriftsavtale mellom staten og næringsorganisasjonane, som Stortinget slutta seg til i juni. Jordbruksavtala fører vidare ei kursendring i landbrukspolitikken m.a. ved å leggje til rette for ei nivåheving av inntektene og styrkje struktur- og distriktsprofilen på verkemidla. Samtidig blir velferdsordningane og miljøtiltaka styrkte vesentleg. Reindriftsavtala inneber økonomiske tiltak i reindriftsnæringa på i alt 97 mill. kr, utanom tiltak mot radioaktivitet, der dei viktigaste måla er å leggje til rette for auka omsetning av reinkjøtt og å stimulere næringa til størst mogleg slakteuttak og verdiskaping innanfor gitte rammer.

Stortinget vedtok i juni ny reindriftslov.

Regjeringa har med verknad frå 1. juli 2007 endra rammevilkåra for konkurransen i meierisektoren og dermed lagt til rette for å sikre konkurransen framover.

Regjeringa har gjennom jordbruksoppgjera 2007 sett av 20 mill. kr over fem år til eit utviklingsprogram for klimatilpassing i jordbruket.

Regjeringa har lagt til rette for ei aktiv utnytting av skogressursane gjennom auka statlege tilskott og reglar for bruk av midlar som er avsette i skogfond.

Evalueringa etter fjorårets alvorlege sjukdomsutbrott som skriv seg frå E. coli O103 i spekepølse, viste klare behov for forbetringar også hos styresmaktene. Ei rekkje tiltak er sette i verk. Blant anna har Mattilsynet endra organisasjonsmodellen for å betre krisehandteringa og få ei meir effektiv oppgåveløysing i alle ledd i organisasjonen. Regjeringa har sett i gang eit prosjekt i samarbeid med bransjen for å lage eit betre system for sporing i matkjeda.

I 2006 eksporterte Noreg sjømat for rekordhøge 35,6 milliardar kr. Eksporten i 2006 auka med 3,8 milliardar kr, eller 10,9 pst., i forhold til 2005. Oppdrettsfisk utgjorde for første gong størstedelen av verdien av eksportert sjømat. I 2006 var oppdrettsdelen på 52 pst.

Arbeidet med å sikre marknadstilgangen for norsk sjømat til Russland har hatt høg prioritet hos norske styresmakter.

Arbeidet med gjennomgangen av konkurranseforholda i havbruksnæringa har halde fram. På grunnlag av arbeidet i ei interdepartemental arbeidsgruppe har Regjeringa fremja ein konkurransestrategi for havbruksnæringa.

Regjeringa har utarbeidd ein ferskfiskstrategi som vil leggje til rette for å kunne utnytte endå betre det fortrinnet vi har ved å ha tilgang på fersk fisk av høg kvalitet, og ved at vi ligg nær ein marknad som i stadig større grad etter spør denne vara.

Regjeringa la i september 2007 fram ei stortingsmelding om forvaltning av kongekrabbe i norske farvatn.

Hausten 2006 blei det gjennomført ei prøveordning med distriktskvotar i Nordland, Troms og Finnmark. Prøveordninga er vidareført for 2007 med mindre justeringar.

Overslag frå Fiskeridirektoratet for omfanget av russisk fiske i Barentshavet utover fastsette kvotar viser ein klar nedgang frå 2005 til 2006. For torsk var denne reduksjonen på 23 pst., for hyse på 55 pst.

Regjeringa har vedteke å opprette eit nytt forskingskonsern, NOFIMA AS. Omstruktureringa bidreg til at norsk fiskeri- og havbruksnæring og næringsmiddelindustrien vil vere betre rusta til å møte ein stadig sterkare konkurranse på den internasjonale marknaden, og at desse viktige distrikts- og kystbaserte næringane kan utviklast vidare.

Regjeringa har fokus på tryggleik til sjøs og på oljevernberedskapen. Som ei oppfølging av dette blei det opna ein trafikkentral for Nord-Noreg i januar 2007 som er lagt til Vardø. Denne trafikksentralen følger skipstrafikken i området, her medrekna oljetransporten frå Nordvest-Russland.

Etter tilslutning i sjøfartsorganisasjonen i FN blei det 1. juli 2007 sett i verk forskrift om trafikkseparasjonssystem og seglingsruter utanfor territorialfarvatnet på strekninga Vardø–Røst. Dette er eit viktig førebyggjande sjøsikringstiltak som vil vere med på å tryggje kysten og ressursane i havet.

Lønnsoppgjera i 2007 var mellomoppgjera, og partane kom i dei fleste oppgjera til semje i forhandlingane, og i enkelte område gjennom mekling.

Staten har i drøftingane med Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner, Landsorganisasjonen i Noreg, Unio, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund og Akademikerne blitt einige om ei regulering av grunnbeløpet i folketrygda frå 1. mai 2007. I tillegg avtalte partane at staten i samarbeid med organisasjonane vil kartleggje utviklinga i levekår og inntekt for minstepensjonistane og unge uføre og vurdere moglege tiltak for desse gruppene som grunnlag for det ordinære budsjettarbeidet i Regjeringa.

Regjeringa har lagt fram nye tiltak for å motverke sosial dumping. På område med allmenngjorde tariffavtaler får oppdragsgivar eit utvida ansvar for å følgje opp lønns- og arbeidsvilkåra hos oppdragstakarane sine. Samtidig får tillitsvalde hos oppdragsgivar innsynsrett. I tillegg blir det foreslått innstrammingar i reglane for innleige av arbeidskraft.

Det er fastsett nye og betre reglar om id-kort for bygg- og anleggsbransjen, og korta vil kunne takast i bruk hausten 2007.

Nye reglar som lovfester at arbeidstakar har rett til å varsle, som styrkjer vernet mot gjengjelding, og som pålegg arbeidsgivar å leggje forholda til rette for varsling i verksemda, tok til å gjelde 1. januar 2007.

Nye reglar som presiserer og skjerper at verksemdene har plikt til å følgje opp og leggje til rette for sjukmelde arbeidstakarar, blei sette i verk 1. mars 2007.

Regjeringa foreslår å erstatte dei to ordningane for yrkesskade vi har i dag, med éi felles ordning. Mange opplever dagens system som tungvint. Eit opplegg for organiseringa av ei ny ordning er sendt på høyring.

Regjeringa arbeider kontinuerleg med å reformere pensjonssystemet i Noreg. Stortinget vedtok i april 2007 viktige prinsipp for ny alderspensjon i folketrygda. Ordninga med avtalefesta pensjon må tilpassast det nye pensjonssystemet i samarbeid og forståing med partane i arbeidslivet. Dette arbeidet har allereie begynt.

Eit offentleg utval har greidd ut og foreslått ein ny modell for uførestønad og ein ny modell for opptening og uttak av alderspensjonen for personar som har motteke uførestønad.

Regjeringa la i juni fram forslag til ny utlendingslov.

Regjeringa har fremja ein tilleggsproposisjon for å styrkje saksbehandlingskapasiteten i Utlendingsdirektoratet, slik at restansane og saksbehandlingstida kan redusast.

I juni 2007 oppnemnde Regjeringa eit utval som m.a. skal førebu ei samla diskrimineringslov.

Frå 1. september blei norskopplæring for asylsøklarar gjeninnført. Dei kan no få inntil 250 timar norskopplæring.

Regjeringa oppnemnde i mai 2007 ein personvernkommissjon som bl.a. skal skape debatt om og foreslå tiltak for betre personvern.

Regjeringa arbeider aktivt med betre og forenkla tenester for innbyggjarane. Den elektroniske sjølvbeteningsløysinga MiSide blei lansert 1. januar 2007, og talet på tenester aukar.

Regjeringa la i desember 2006 fram stortingsmeldinga Eit informasjonssamfunn for alle, som fekk brei tilslutning i Stortinget.

Regjeringa har vedteke at det skal opprettast eit nytt direktorat for forvaltning og IKT.

Regjeringa har i samarbeid med tariffpartane sett i gang eit toårig forsøk med redusert arbeidstid, bl.a. 6 timars dag, i fire statlege verksemdar for å sjå om dette fører til høgare pensjoneringsalder.

Regjeringa legg vekt på å styrkje stillinga til forbrukarane i finansmarknaden og på bustadmarknaden. I samvar med framlegg frå Regjeringa vedtok Stortinget i 2007 ei ny eigedomsmeklingslov som styrkje forbrukarane sine rettar ved omsetning av fast eigedom.

Nye lover om verdipapirhandel og børsar som vil auke investorvernet og konkurransen, er vedtekne. Finansdepartementet følgjer opp tiltak for auka tryggleik ved bruk av nettbank, både når det gjeld risiko for feil og misbruk, og når det gjeld ansvaret som kunden har for feil. Det er fastsett krav om betre informasjon til kundane om såkalla samansette spareprodukt.

Regjeringa har hatt på høyring nye føresegner mot terror og krigsbrottsverk.

Regjeringa har sett ned eit utval som skal gjennomgå regelverket for granskingskommissjonar.

Det er vedteke ei ny lov om samvirkeføretak. Den nye lova vil innebere at ein får eit klarare, enklare og meir tilgjengelig regelverk for samvirkeføretaka.

Regjeringa har fremja ein proposisjon der det blir gjort framlegg om ein ny regel i skadeserstatningslova om ansvar for skade valda ved korrupsjon. Endringa gjennomfører Europarådets sivilrettslege konvensjon om korrupsjon.

Det er vedteke endringar i finansavtalelova og kredittkjøpslova med forskrifter med sikte på at det skal opplysast om effektiv rente ved all marknadsføring av kreditt.

Etter framlegg frå Regjeringa vedtok Stortinget i desember 2006 utbygging av første trinnet i eit nytt felles digitalt nødnett for nød- og beredskapssetatane.

Direktoratet for nødkommunikasjon, DNK, blei etablert 1. april 2007. DNK har ansvaret for å byggje opp det omfattande telekommunikasjonssystemet og skal eige og forvalte det nye nødnettet på vegner av staten.

Regjeringa har vedteke at det skal opprettast politiråd i kommunane. For å styrkje og vidareutvikle nærværet til etaten lokalt har Regjeringa vedteke at det skal etablerast ei prøveordning i to politidistrikt der ein skal få prøvd ut både grensereguleringar, offentlege servicekontor og politiråd.

Regjeringa har fremja forslag om å utvide tilgangen til registrering i DNA-registeret.

Justisdepartementet har sett ned eit utval som skal greie ut om situasjonen for personar som har vore utsette for valdtekt.

Regjeringa presenterte i desember 2006 ein ny handlingsplan: «Stopp menneskehandelen» 2006–2009. Menneskehandel som har prostitusjon som formål, er det viktigaste innsatsområdet. Eit framlegg om å kriminalisere kjøp av seksuelle tenester er sendt på høyring.



Regjeringa ønskjer å gi eit meir heilskapleg og samordna tilbod til barn som har vore utsette for overgrep. Regjeringa har derfor vedteke at det i 2007 skal etablerast eit Barnas hus i Bergen og på Hamar.

Regjeringa vil intensivere innsatsen mot overgrep mot barn m.a. gjennom å førebyggje internettrelaterte overgrep. Regjeringa har følgd opp forslaget i Faremo-rapporten om at politiet skal setje i gang systematisk patruljering på nettet, og at internettbrukarar får ein direkte rapporteringsknapp til politiet på nettsida.

Stortinget har etter framlegg frå Regjeringa vedteke ei ny straffeføresegn som rammar vaksne som avtaler å møte barn med det siktemål å forgripe seg på barnet – «grooming».

I perioden 2004–2007 har det skjedd ei gradvis overføring av tinglysingsoppgåvene frå domstolane til Statens kartverk på Ringerike. Dei siste overføringane frå domstolane vil skje hausten 2007.

Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet har valt ut 11 pilotprosjekt, fordelt over heile landet frå Hamningberg i nord til Kristiansand i sør. I tillegg er det peikt ut tre plussprosjekt som får støtte i 2007.

Regjeringa har verna fleire område som lauvskogreservat i Finnmark. Det blei også oppretta nye skogreservat, både som område med frivillig vern og i område på statsgrunn.

Det er oppretta ny skjergardspark i Vest- Agder. Det er i tillegg sikra 18 nye friluftsområde som i hovudsak er knytte til strandsona.

For å hindre tap av det biologiske mangfaldet er det utarbeidd nye handlingsplanar for utvalde truga arter. Ein nasjonal strategi med tiltak mot framande skadelege arter blei lagd fram i år.

For å sikre god miljøtilstand i norske vassførekomstar har Regjeringa fastsett rammer for vassforvaltning og ferdigstilt ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar for å styrkje vernet av laksen.

Handlingsplan for kystkultur for 2007–2010 set opp overordna og strategiske tiltak for å sikre ei god og målretta satsing på kystkultur. Dette er ei styrking av det samla arbeidet med kystkultur i Regjeringa.

Regjeringa har inngått avtale med Oslo kommune om eit langsiktig samarbeid for å betre miljø- og leveforholda i Groruddalen.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om miljøpolitikken og miljøtilstanden i riket.

Regjeringa har vedteke eit nytt regelverk for vassforvaltning i Noreg som vil sikre ei koordinert handtering av komplekse miljøproblem i vassdrag og i kystsona.

Regjeringa la i desember 2006 fram ei stortingsmelding om miljøgifter og andre helse- og miljøfarlege kjemikaliar.

Regjeringa har lagt fram ein treårig handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar ved offentlege innkjøp.

Regjeringa har lagt fram ei ny klimakvotelov for perioden 2008–2012. Kvotesystemet vil tildele langt færre vederlagsfrie kvotar til kvotepliktige bedrifter enn det EU-landa legg opp til, og det er såleis meir effektivt og meir i tråd med prinsippet om at den som forureinar, betaler.

Som ledd i klimapolitikken har Regjeringa foreslått eit forbod mot deponering av nedbrytbart avfall frå 2009.

Forum for etikk i kommunesektoren er oppretta for å få fram forslag til tiltak som kan motverke uetisk åtferd. Regjeringa greier no ut lovendringar og vurderer andre tiltak som skal bidra til at kommunesektoren held ein høg etisk standard.

I oktober 2006 blei det inngått ei samarbeidsavtale mellom staten, KS og arbeidstakarorganisasjonane om kvalitetsutvikling i kommunesektoren. Målet med samarbeidet er å betre kvaliteten innanfor pleie og omsorg og oppvekst. Det blir også arbeidd med å redusere sjukefråveret i kommunesektoren.

Regjeringa la i desember 2006 fram ei stortingsmelding som presenterte framlegg til oppgåver for dei nye folkevalde regionane.

Regjeringa la i juni 2007 for første gong fram ei hovudstadsmelding.

Det er frå juli 2007 innført ein varslingsregel i husleigelova for å redusere talet på utkastingar frå utleigebustader.

Regjeringa har vedteke nye energikrav for bygg. Dei tok til å gjelde i februar 2007 og inneber ei skjerpning på 25 pst., noko som vil bidra til å redusere straumforbruk og klimagassutslepp.

For å sikre samordning av tenestetilbodet og betre ressursutnytting har Regjeringa slått saman Helse Sør RHF og Helse Øst RHF til eit nytt regionalt helseforetak, Helse Sør-Øst RHF.

Det er foreslått ein eigen ventetidsgaranti for barn og unge under 23 år som har psykiske lidningar og rusmiddelproblem.

Gjennom endring i bioteknologilova er det opna for å forske på embryonale stamceller, noko som på sikt kan gjere det mogleg å behandle fleire alvorlege sjukdommar.

Regjeringa har oppretta eit nytt Nasjonalt råd for kvalitet og prioritering i helsetenesta. Rådet skal m.a. gi tilrådingar om korleis pasientar skal få likeverdige tilbod.

Regjeringa har lagt fram stortingsmelding om utjamning av sosiale helseforskjellar, stortingsmelding om tannhelsetenesta, nasjonal helseplan, handlingsplan for betre kosthald blant folk og nasjonale strategiar for miljø og helse for barn og unge, på kreftområdet, for diabetes, for kols og tobakksskadeførebygging.

Regjeringa har sett ned eit lovutval som skal greie ut korleis ein kan sikre auka bruk av tilstandsrapportar ved bustadsal.

Regjeringa har styrkt innsatsen mot fattigdom blant barn og unge gjennom ei løyving til barne- og ungdoms-tiltak i større bysamfunn.

Regjeringa har lagt fram ein ny fireårig handlingsplan mot tvangsekteskap. Planen, som inneheld 40 tiltak, gir ein samla presentasjon av korleis Regjeringa vil styrkje og vidareutvikle innsatsen mot tvangsekteskap.

Regjeringa har gjennomført ei evaluering av barnebidragsreforma frå 2001 som viser at reforma i stor grad har verka etter intensjonen. Evalueringa er presentert for Stortinget i form av ei stortingsmelding, som blei behandla våren 2007.

Som eit ledd i kampen mot fattigdom har Regjeringa utvida barnetrygda frå 1. juli 2007 for gifte og sambuande foreldre som blir åleine om omsorga for barn fordi ektefellen eller sambuaren kjem i fengsel.

Regjeringa sende i mai 2007 utkast til ny ekteskapslov ut på høyring. Formålet med forslaget er å sikre rettane til homofile og lesbiske, støtte homofile og lesbiske i å leve ope og aktivt motarbeide diskriminering.

Kunnskapsløftet er ført vidare og omfattar frå hausten 2007 grunnskolen og første og andre trinnet i vidaregåande opplæring. Det er fastsett nye læreplanar i språk for minoritetsspråklege elevar.

Stortinget vedtok våren 2007 endringar i friskolelova og opplæringslova, bl.a. med skjerpa krav for å starte og drive privatskole, om fag- og yrkesopplæringa og om gratis læremiddel i vidaregåande opplæring.

Det er oppnemnt eit utval som skal vurdere korleis fag- og yrkesopplæringa kan stå best mogleg rusta til å møte utfordringar i framtida. Det er også oppnemnt eit utval som skal sjå nærare på spesialundervisninga og det statlege pedagogiske støttesystemet.

Det er innført ei ordning med nye nasjonale prøver i grunnopplæringa.

Skolar med ungdomstrinn får hausten 2007 gratis frukt og grønt. Regjeringa vil samtidig prøve ut ulike ordningar med skolemat.

Det er sett i gang forsøk med utvida skoledag i elleve kommunar.

Regjeringa har utarbeidd ein strategi for kunst og kultur i opplæringa, «Skapende læring».

Frå 1. september 2007 har Noreg fått eit nytt universitet, Universitetet i Agder.

Regjeringa har oppnemnt eit utval som med eit tidsperspektiv på 10–20 år skal vurdere tiltak for å sikre at strukturen ved universitet og høgskolar gjer dei skikka til å møte dei behova samfunnet har, og sikre ei god ressursutnytting.

Regjeringa har lagt fram ein odelstingsproposisjon om endringar i lov om fagskoleutdanning som m.a. klargjer kva plassering fagskoleutdanninga skal ha i utdanningsystemet. Stortinget vedtok revidert fagskolelov våren 2007.

Regjeringa har lagt fram ein odelstingsproposisjon om lov om studentsamskipnader som m.a. skal gi klarare rammer for dei aktivitetane studentsamskipnadene kan drive med.

Regjeringa har lagt fram ein odelstingsproposisjon med forslag til lov om endringar i lov om universitet og høgskolar. Forslaget følgjer opp konklusjonane frå det offentlege utvalet som har vurdert lovfesting av akademisk fridom.

Regjeringa oppnemnde i 2006 ei medisinsk ekspertgruppe og eit uavhengig granskingsutval som skal følgje opp kreftsaka ved Rosenberg/ NTNU. Granskingsutvalet la fram innstillinga si i august 2007.

Forskingsinnsatsen er styrkt betydeleg. I 2007 er dei offentlege løyvingane til forskning og utvikling auka med 923 mill. kr, og kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping er auka med 10 milliardar kr.

Det internasjonale forskingssamarbeidet er høgt prioritert. Det er vedteke at Noreg skal delta i EUs 7. ramme-program for forskning og teknologisk utvikling. Noreg har inngått ei bilateral forskings- og teknologiavtale med India.

Norske forskarar og institusjonar har ei sentral rolle i Det internasjonale polaråret. Noregs forskingsråd har fordelt 288 mill. kroner til polarforskning i perioden 2007–2010.

Lov om behandling av etikk og ærleg framferd i forskning tok til å gjelde 1. juli 2007. Kunnskapsdepartementet har oppnemnt eit nasjonalt utval som skal granske uærleg forskning.

Regjeringa legg vekt på likestilling i høgare utdanning og forskning og har vedteke å vidareføre «Komité for integreringstiltak – Kvinner i forskning» i tre nye år.

Det er inngått kontrakt om eit byggjetrinn II for Kunst- og høgskolen på området for den gamle Seilduksfabrikken på Grünerløkka i Oslo. Byggjetrinnet skal etter planen stå ferdig i januar 2010.

Noreg har ratifisert UNESCO-konvensjonen av 1970 om tiltak for å forby og forhindre ulovleg import og eksport av kulturgjenstandar og ulovleg overføring av eigedomsrett til kulturgjenstandar. Kulturminnelova og utfyllande forskrifter er endra i tråd med forpliktingane i konvensjonen.

Det er etablert ei ny ordning for kulturtiltak for eldre, Den kulturelle spaserstokken.

Det er i samarbeid mellom fleire departement lagt fram ein handlingsplan for kultur og næring.

Kvensk institutt er opna i Børselv i Porsanger kommune.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding der ein foreslår ei svært offensiv satsing på norsk filmpolitikk. Stortinget har slutta seg til framlegget i meldinga.

Det er lagt fram ei stortingsmelding som fokuserer på kva rolle allmennkringkastinga spelar i eit demokratisk samfunn. Meldinga inneheld også ei omfattande drøfting av kva rolle kringkastingsmediet spelar i ein digital tidsalder.

Forbodet mot privatdrivne gevinstautomatar blei sett i verk 1. juli 2007.

Ved avgjerder i EFTA-domstolen i mars og i Høgsterett i juni 2007 fekk staten medhald i at eineretten Norsk Tipping har til å drive speleterminalar, ikkje er i strid med EØS-avtala.

Stortinget har slutta seg til framlegget frå Regjeringa om forbod mot prispåslag ved vidaresal av billetter til idretts- og kulturarrangement.

Det er vedteke ei lov om registrering av innsamlingar.

Stortinget har slutta seg til framlegget frå Regjeringa om eit register for frivillig verksemd.

Det er i 2007 gitt tilskott til å opprette 26 nye frivilligsentralar.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om forholdet mellom staten og frivillig sektor.

Det er i 2007 fordelt 1 250 mill. kr frå overskottet i Norsk Tipping til idrettsformål og 416,7 mill. kr til kulturformål. Av fordelinga til idrettsformål er det sett av 708

mill. kr til idrettsanlegg, 352 mill. kr til Norges Idrettsforbund og Olympiske komite, 125 mill. kr til lag og foreninger som driv idrett og fysisk aktivitet for barn og ungdom, og 65 mill. kr til andre idrettsformål. Av midlane til kulturformål er det sett av 167 mill. kr til Den kulturelle skolesekken, 125 mill. kr til Frifond og 124,7 mill. kr til kulturbygg.

Den norske kyrkja er prega av kontinuitet og vidareutvikling. Oppslutninga og deltakinga i kyrkjelege handlingar held seg stabil. Ved sida av fornying og trusoppplæring og det gudstenestlege livet og organisatorisk utvikling blir det lagt vekt på arbeid for religionsdialog.

Det er oppretta ei ny statleg tilskottsordning til istandsetjing av automatisk freda kyrkjer – middelalderkyrkjene.

**Presidenten** mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majesteter, Deres Kongelige Høyhet!

Årets trontale varsler at Regjeringen vil sende svært mange saker til behandling i Stortinget. Jeg er sikker på at Stortinget evner å behandle disse på en god måte for landet. Vårt parlament er heldigvis innrettet på å finne løsninger snarere enn å oppkonstruere uenighet. Men det er viktig å understreke at skarp debatt og kritisk opposisjon er nødvendig i et demokrati. Vi får som regel de gode løsningene hvis de som har flertallet, lytter til flere enn seg selv.

Medienes og opposisjonens rolle er bl.a. å overvåke at Regjeringen overholder sine løfter. Det vil alltid være noe å sette fingeren på. Men ved nærmere ettertanke har det slått meg i hvor stor grad ulike regjeringer har fulgt opp hovedlinjene i det man lovte. Trontalen bærer bud om det samme; de sakene som man lovte å prioritere, blir løftet fram.

Siden det har vært en prioritert oppgave for alle de senere regjeringer, tror jeg vi i denne sal vil føle en lettelse hvis fireårsperioden kan avsluttes med å kunne slå fast at vi fikk gjort noe merkbart for dem som er fattige eller på annen måte har det vanskelig. Dette er et moralsk imperativ i et så rikt land som Norge.

Når det 152. storting åpner, har vi nettopp bak oss FN's ekstraordinære toppmøte om klimaendringene. Den sterke markeringen i trontalen av at Regjeringen ønsker at Norge skal være et foregangsland i klimapolitikken, vil ha bred støtte i Stortinget. Vår innsats på hjemmebane er en forutsetning for å kunne påvirke de internasjonale klimahandlingene i positiv retning.

Vi som politikere står sannsynligvis overfor det største lederansvar noensinne. Men det er klare likhetspunkter til oppbyggingen av velferdsstaten som også krevde sterk rygggrad og vilje til å gjøre valg. Da finansministeren stod her i Stortinget etter krigen og fortalte at vi ikke kunne importere biler før vi hadde nok murstein og sement til å bygge landet, kunne han appellere til den sunne fornuft.

Det er slik vi må gjøre det i dag også. Hvis vi mener at miljøet må komme først, må det komme først, og vi har et ansvar for å forklare folk at vi ikke kan få begge deler; vi kan ikke få både et bedre miljø og samtidig fortsette å forurense. Men veivalgene er mer krevende enn i oppbyggin-

gen av velferdsstaten. Resultatene kom da relativt raskt i form av boliger, utdanning, helsetilbud og arbeidsplasser som folk satte pris på. Bilene ble også etter hvert allemannseie.

De nødvendige tiltakene som skal til for å redde kloden fra oppvarming, vil ikke gi merkbare resultater så raskt, det vil dessuten ikke bare dreie seg om å utsette å få noe, vi må avstå fra å få noe, vi må legge om måten vi har vært vant med å leve på. Vi som lever nå, må være villige til å gjennomføre tiltak som i første omgang kan være upopulære, for at vi skal nå et populært mål i fremtiden.

Derfor appellerer kampen mot klimaendringene til det innerste i solidaritetstanken, nemlig viljen til å ofre noe for andre, i dette tilfellet mennesker som ennå ikke er født.

Demokratiets prosjekt er opplysning og fremskritt, og lederansvar er ikke bare, ja ikke først og fremst, å løpe etter det som er populært akkurat nå. Da kan vi våkne opp en dag og høre folk spørre om hvorfor vi ikke gjorde det rette – i rett tid. Dette er folkets privilegium. Folk kan protestere mot endringer og gjerne gjennom valg hindre at de skjer, men likevel kan de avsette oss ved neste korsvei for at vi ikke handlet.

Som folkevalgte må vi søke den kunnskap som er nødvendig for å lede an og være foregangsmenn og foregangskvinner. Det er derfor vi er valgt, og det er den ansvarlighet hver generasjon vil måle oss etter.

Denne salens form er en viktig påminnelse om at likeverd og samhold er grunnlaget for vårt parlamentariske virke. Vi sitter etter geografi, som representanter for et distrikt, men vi er likevel rikspolitikere som forventes å finne samlende løsninger. Derfor sitter vi også i krets, på samme vis som Eidsvollsmennene sto i krets og holdt hverandre i hendene da de var blitt enige om Grunnloven, og kunne avslutte med ordene: Enige og tro til Dovre faller!

Det virker for selvsagt til at man skulle kunne bruke noen av de tilmålte ord i en slik tale til å si det, men det er likevel noe av det viktigste som kan bli sagt: at vi aldri må glemme hvor godt vi har det her i landet. Målestokkene kan være mange. I disse dager kan Burma være det. Der står ikke de folkevalgte i ring og holder hverandre i hendene, for de folkevalgte er enten drept eller kastet i fengsel. Dette er dessverre den brutale virkelighet mange steder i verden.

Det er mitt håp at vårt storting fortsetter å gi uttrykk for det vårt trassige folk på begge sider av Dovre alltid har reist seg mot: overmakt, vold, urettferdighet.

Slik vant vi vår selvstendighet. Nå må vi holde i hendene til alle dem som kjemper for demokrati og menneskerettigheter ute i verden.

I forvisning om at representantene ser det slik som president John F. Kennedy i sin tid sa, at «våre problemer er skapt av mennesker og kan derfor bli løst av mennesker», samler vi oss i det gamle og viktige ønsket: Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønsket, og alle de tilstedeværende sang deretter første vers av fedrelandssangen, «Ja, vi elsker».

Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

**Presidenten:** Presidenten vil foreslå at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for behandling i et senere møte – og anser det for vedtatt.

Møtet hevet kl. 13.45.

---